

Høyringsvar til NOU 2019: 14 Tvangsavgrensingsloven

Fylkeseldrerådet i Hordaland har i møte 07.11.19 under sak PS 2019/XX handsama forslaget til ny lov om tvangsavgrensing.

Fylkeseldrerådet i Hordaland sluttar seg til den generelle dissensen frå mindretalet i utvalet. Fylkeseldrerådet er ueinig med fleirtalet i utvalet, som føreslår å oppretthalda ein moglegheit til tvangsmedisinering når det gjeld psykiske lidningar og bruk av elektroshokk terapi dersom pasienten ikkje har reservert seg.

Pkt 25.6.5.4

Fylkeseldrerådet i Hordaland er samd i mindretalet sitt syn i pkt 25.6.5.4 der mindretalet seier: «Vi oppfatter flertalsforslaget om bruk av elektronisk sjokk uten fritt og eksplisitt samtykke som uakseptabelt». Mindretalet føreslår som alternativ at ein person skal kunna uttrykkja ønske om elektroshokk i ei førehandserklæring der utgangspunktet er fritt og informert samtykke. Altså på eit tidspunkt der elektroshokk som behandling ikkje enno føreligg.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er generelt for førehandserklæringar fordi dei er basert på fritt og informert samtykke.

Pkt 11.3.2 – førebygging av bruk av tvang.

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at den viktigaste førebygginga av tvang handlar om kompetanse hos personalet og nok tid til kvar pasient.

Døme: Demente personar i sjukeheim

Fylkeseldrerådet i Hordaland vil i denne samanhengen minna om at bebuarar med demens i sjukeheim er ei sårbar gruppe. Demente personar kan utvikla angst og vrangførestillingar, bli deprimerte, forvirra og mistenksame, noko som kan gje dei ei kjensle av å mangla kontroll over eigen situasjon. Dette vert forsterka av at dei har problem med å hugsa og å uttrykkja seg. Alt dette går ut over evna til å halda fast på eigne ønskje og behov, og kan lett føra til verbal og fysisk motstand og aggresjon i situasjonar der pleiepersonell skal hjelpa dei med dagleg pleie og omsorg. Det er difor viktig at einingar med demente bebuarar har nok personale med kompetanse og kunnskap om å handsama slike situasjonar

Grensegangen mellom linjetenestene

Fylkeseldrerådet i Hordaland vil peika på at grensegangen mellom første og andre linjeteneste og grensegangen dei i mellom burde ha vore klarare i lovverket.

Vedlegg 1: Generell dissens

Omgrepet beslutningskompetanse

Beslutningskompetanse er eit problematisk omgrep på fleire måtar, slik mindretalet peikar på i sin generelle dissens (Vedlegg 1, side 808).

For finst det nokon - som i situasjonar som er aktuelle i spørsmål om tvang eller ikkje - kan avgjerda kven som har beslutningskompetanse og kven ikkje?

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at ein må byrja med å spørja om korleis ein kan unngå tvang, og kva som kan verta gjort for å leggja til rette for at flest mogleg får nytta beslutningskompetansen sin fullt ut.

FN's konvensjon om menneskerettigheiter (CRPD)

Fylkeseldrerådet i Hordaland er på linje med mindretalet når det gjeld korleis FN's konvensjon om menneskerettar skal tolkast når det gjeld menneske med nedsett funksjonsevne.

Forsvarleg fagleg skjønn.

Fylkeseldrerådet er samd med mindretalet i at omgrep som forsvarleg fagleg skjønn o.l. som grunnlag for avgjerder i enkeltsaker, gjev stort rom for forskjellshandsaming av enkeltpersonar hos dei som har avgjerdsmynde i ulike einingar (og kommunar).

Bruk av tvang i lukka system

Mindretalet peikar også på det problematiske i at tvangstiltak blir utøvd i lukka system med lite innsyn frå andre, som til dømes frå media.

KONKLUSJON

Fylkeseldrerådet i Hordaland sluttar seg til mindretalet sine merknader og generelle dissens om korleis ein kan unngå tvang.

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at i vedlegg 1, side 808, peiker mindretalet på svært viktige sider ved problematikken rundt tvang i helse- og omsorgstenesta.

Fylkeseldrerådet i Hordaland

Gunda Falao Sparre
leiar